

OED
Postboks 8148 Dep.
0033 Oslo

Stord 09.01. 2014
Dykkar ref. Høringsbrev 17.09.13
Vår ref. 101980/2
Arkivnr
Saksbehandler Odd Terje Waldal
Sider 3

Høringsuttale til foreslåtte endringar i energilova

Eg viser til høyringsbrev datert 17.09. 2013 med vedlagt høyringsnotat med høyringsfrist 10. januar 2014 om foreslåtte endringar av energilova som gjennomføring av EU sin tredje elmarkedspakke.

For utfyllande høyringssvar viser eg til uttale frå vår bransjeorganisasjon EnergiNorge, som SKL sluttar seg til. Det er særleg to tema som vil ha stor innverknad på SKL si nettverksemd, difor vil høyringsuttalen frå SKL fokusere på desse:

Transmisjon – eigarmessig skille for og verdisetting ved salg av sentralnettsanlegg.

Eigarmessig skille:

SKL er innforstått med OED sitt syn at det ikkje er aktuelt å sertifisere andre aktørar enn Statnett som TSO for anlegg i sentralnettet. Ein ISO-modell framstår som lite aktuell, og det er difor alternativ 1 i høyringsnotatet med ny § 4-8 som SKL ser som naturleg løysing. SKL er difor allereie i god dialog med Statnett om tema salg av sentralnettet, der verdi, overgangsordning, rydding i grensesnitt mv vert tema.

Verdisetting ved salg av sentralnettsanlegg:

SKL Nett AS har ein relativt stor andel av si nettverksemd i sentralnettet, og vil truleg vere det nettselskapet i landet som relativt sett sterkast vil merke desse nye reglane i energilova. Det er difor for SKL eit klart utgangspunkt overfor Statnett at det skal forhandlast fram ein transaksjonspris for vår aktivitet knytt til sentralnettet som gir full kompensasjon for SKL sitt økonomiske tap ved avståinga. Samstundes må det kunne inngåast ein bilateral tenesteleveranseavtale for ein overgangsperiode. Dette vil difor vere SKL sitt krav i føreståande forhandlingar med Statnett. Å ivareta kontinuitet på ein god måte både for drifts- og investeringsoppgåver er også i Statnett si interesse. SKL har viktige reinvesteringar i sentralnettet, og det er viktig for forsyningstryggleiken at desse vert gjennomført som planlagt

SKL har anleggskonsesjon for sine sentralnettsanlegg til 31.12. 2032. SKL skal som nemnt ved salg ha full kompensasjon for desse anlegga. Slik kompensasjon skal seljar og kjøpar kunne forhandle seg fram til. Her vil kjøpar overta beståande aktivitet med tilhøyrande framtidige inntekter, noko som må vere styrande for verdisetting og transaksjonsverdi.

I forslaget til endringar i energilova foreslår departementet ein ny § 4-8 (5), der «... kan departementet eller kompetent reguleringsmyndighet fatte vedtak om beregning av vederlag.» Nærare omtale av korleis verdifastsettinga kan skje, er omtalt i høyringsnotatet pkt. 3.4.3. Det er uklart for SKL kva som er departementet sin intensjon med dette; 1) skal dette vere ei generell rettleiing om korleis verdien av anlegga skal reknast? eller 2) er det eit sikkerhetsnett for at seljar skal oppnå ei minsteavkastning?

Eit slikt tvangssalg er i realiteten ei form for ekspropriasjon der netteigar har krav på full kompensasjon for sitt økonomiske tap med at anlegga må overdragast, jmf. Grunnlova § 105. SKL meiner på bakgrunn av ovannemnte at rammene for denne tvungne eigedomsovergangen av sentralnettet må setjast slik:

- Det skal vere full avtalefrihet mellom seljar og kjøpar, og det må i utgangspunktet vere overlatt til avtalepartane å forhandle fram nødvendige avtalar.
- Departement eller regulator skal ikkje utarbeide konkrete reglar for korleis verdisettinga skal skje.
- I eller i medhold av loven bør det fastsettast eit generelt prinsipp som skal liggje til grunn, at seljar skal kompenseras for endra framtidig kontantstrøm med og utan sentralnettsaktiviteten, jmf. elles ekspropriasjonsrettslege prinsipp og prosedyrar.

Med dette som grunngjeving ber SKL om at departementet endrar si tilnærming til salg av sentralnettsanlegg, jmf. foreslått ny § 4-8 (5) i energilova og pkt. 3.4.3 i høyringsnotatet, til ei tilnærming om fri forhandlingsrett og der ei eventuell tvisteløysing vert i samsvar med ekspropriasjonsrettslege prinsipp og prosedyrar.

Distribusjon – ny rolle som operatør for distribusjonssystemet (DSO).

Departementet vil sikre seg heimel i ny § 3-7 i energilova til å kunne peike ut operatør av distribusjonssystem (DSO). Systemoperatøren skal i sitt geografiske område sikre at systemet har evne til å imøtekomme rimeleg etterspørsel etter nettenester, og slik sett sikre langsiktig tilgang til nettet på ein slik måte at ingen brukarar vert diskriminert. Store investeringar saman med aukande utfordringar med driftskoordinering i nettet inkl. balansering av systemet, særleg grunna stadig meir uregulert kraft inn i nettet, er bakgrunn for at OED er tvilande til om alle områdekonsesjonærar vil vere i stand til å løyse DSO-oppgåvene. Dette er omtalt i pkt. 3.5.2 og 3.5.3 i høyringsnotatet.

SKL er enig i at dagens distribusjons- og regionalnett, det nye distribusjonssystemet, står foran nye utfordringar som krev nye løysingar, og sluttar seg til bakgrunn og behov for heimel til å utpeike ansvarlege DSO'ar.

Oppgåver tillagt DSO og modell for DSO-rolla er ikkje fastlagt. SKL vil peike på følgjande oppgåver som særleg viktige DSO-oppgåver:


- Ivareta systemgrensesnittet mot TSO.
- Ivareta regionvis systemdrift, gjerne og balanseansvar for nettet.
- Overordna kraftsystemutgreiing (KSU).
- Beredskapsoppgåver/-ansvar

Det vil vere ulike argument for korleis ei ny DSO-rolle bør innrettast. SKL ser følgjande argument som særleg viktige:

- Logisk samanhengande nettområde regionalt må ivaretakast av ein DSO.
- Nærhet til og kunnskap og kompetanse om nettstruktur og produksjon i nettområdet.
- Tilgang til driftssentral for å handtere system- og driftsansvar for nettet.
- Organisering med armlengdes avstand til å sikre nøytralitet, med oppgåver tillagt DSO-rolla slik at dette kan ivaretakast innanfor ein konsernstruktur med fleire typar aktivitet.

Logisk samanhengande nett bør vere det styrande kriteriet ved utpeiking av DSO, dette vil i mange tilfelle vere i samsvar med dagens KSU-inndeling. Ei slik inndeling vil, i alle fall frå starten av, best ivareta dei hensyn som SKL ser som særleg viktige i denne samanheng.

Med helsing
SKL AS

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Magne Heimvik'.

Magne Heimvik
konsernsjef